

Fra: Hilde Bjørkum [<mailto:hilde.bjorkum@fordefestival.no>]
Sendt: 16. oktober 2014 15:39
Til: Ingebjørg Erikstad
Emne: Utskrift av styrevedtak, Førdefestivalen

Hei!

Styret i Førdefestivalen gjorde følgende vedtak i styremøte 17.september, og administrasjonen vart beden om å sende vedtaket til fylkespolitikarane, samt til medlemene i Førde bystyre. Eg vonar difor dette kan vidaresendast til fylkeskulturutvalsmedlemene frå dykkar side. Kven bør eg sende dette til for distribusjon til resten av fylkespolitikarane? (Eller kan det også gjerast frå kulturavd. si side?)

For ordens skuld gjer eg merksam på at administrasjonen ikkje hadde framlegg til vedtak i saka.

Utskrift av møtebok, styremøte for Førdefestivalen 17.09.2014:

«Sak 20 / 2014 Festivalen og framtida i høve økonomisk situasjon i fylkeskommunen.

Vedtak: Styret for Førdefestivalen registrerer at det er ein uavklart økonomisk situasjon for kulturlivet i fylket. Styret vonar at fylkeskommunen vil oppretthalde sin økonomi i høve til kulturlivet. Styret vil peike på at mesteparten av midlane kulturinstitusjonane rår over går direkte tilbake til lokalt og regionalt næringliv gjennom institusjonane sine kjøp av varer og tenester. Styret rår fylkeskommunen til å halde på gjeldande modell for statleg / regional medfinansiering av kulturinstitusjonane, og stå ved sine forpliktingar i høve inngåtte avtalar på dette området.»

Venleg helsing
Hilde

Hilde Bjørkum
artistic and managing director
Førde Traditional and World music Festival, July 1.-5. July 2015
tel. +47 5772 1940 mob. +47 9091 9933
P.O.Box 395, N-6802 Førde, Norway
hilde.bjorkum@fordefestival.no
www.fordefestival.no

Førdefestivalen
FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL



Ta miljøomsyn – vurder om du treng å skrive ut denne e-posten!
Please, consider whether you need to print this email.